

Kva meiner du/de er viktig at ungdom får bestemme sjølv og kva tenker du/de er lurt at foreldra bestemmer?

Dette spørsmålet svarte ca. 400 ungdomar på vinter/vår 2021. Dette er kategoriane dei fleste nemnte, og kva fleirtalet meinte om desse.

Venner: Stor einigheit om at dette er noko ungdom bør få bestemme sjølv. Men foreldre kan gi råd eller uttale seg om det er eit spesielt miljø dei ikkje ønskjer at ungdomen skal vere ein del av.

Fritidsaktivitetar – kva ungdomen brukar fritida på: Stor einigheit om at dette er noko ungdom bør få bestemme sjølv. Men foreldre kan ha uttalerett om det kostar pengar.

Innetid: Stort sett er ungdomane tydeleg på at dette er noko foreldre har rett til å bestemme. Mange foreslår at ungdom og foreldre kan bli samde om dette i fellesskap, men det er foreldra som faktisk bestemmer.

Leggetid: Også her tenker fleirtalet av ungdomane at foreldra har rett til å bestemme, men nokre foreslår at ungdomen sjølv kan kome med forslag som foreldre kan godta.

Pengebruk: Her er ikkje ungdomane einige. Nokre meiner foreldre bør ha rett til å bestemme mest, medan andre forventar at ungdom i det minste har rett til å bestemme over egne pengar.

Kva ungdomen gjer på skjerm: Litt meir delte meiningar her. Ungdomane er tydeleg på at det sjølv bør få velje KVA dei gjer på skjerm, kven dei er med der og slikt. Men mange meiner foreldre kan lage reglar om skjermtid.

Korleis ungdomen ser ut: Alle som har uttalt seg om dette meiner at dette er noko ungdomen bør få bestemme sjølv. Kva ein har på seg, korleis ein ser ut på håret, sminke og så vidare. Men det er forståing for at foreldre har økonomisk ansvar og at det kan ha konsekvensar for kva klede ein kan kjøpe.

Val av utdanning: Dei som har nemnt dette meiner i stor grad at ungdomen bør få velje, men fleire seier at foreldre kan ha viktige tankar ein bør lytte til.

Kosthald: Delte meiningar her. I praksis er det jo oftast foreldre som handlar inn og lagar mat, men ungdom bør sjølv få velje kva av dette dei vil ete.

Reglar og grenser: Mange framhevar at foreldre har rett til å sette grenser og lage reglar som ungdomane skal følgje. Det kan vere reglar for kvar ein har lov til å vere hen og ein skal hjelpe til med heime, korleis ein skal oppføre seg og anna.

Rusmiddelbruk: Fleire nemner at foreldre har lov til å bestemme over alkoholbruk, snus, narkotika.